



Erling Rosnes
Lurevegen 576
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3142 - 18/19411

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.06.2018

Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Saka gjeld klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 for frådelling av ny grunneigedom frå gbnr. 155/10, vedtaket det vart klaga på gjaldt også søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bygg på omsøkt parsell.

Ved klage vart søknad justert frå oppretting av ny grunneigedom til arealoverføring mellom gbnr. 155/10 og gbnr. 155/51.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 13.06.18, der det vart fatta slikt vedtak:

PM-VEDTAK

Lindås kommune sitt vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for frådelling av ein parsell og oppføring av bygg på frådelt parsell datert 06.04.18 vert omgjort med heimel i forvaltningslova § 33 2.ledd. Klagen vert tatt til følgje.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 for arealoverføring av eit areal på om lag 2150 m² frå eigedom gbnr. 155/10 til eigedom gbnr. 155/51, vidare vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for bygging av garasje på gbnr. 155/51. Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Bygging på eigedom gbnr. 155/51 skal vere i samsvar med § 5.14 i kommuneplanen sin arealdel. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje oversige 400 m². Etter ubygging skal det vere att eit minste uteopphaldsareal (MUA) på 200 m². Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av eit areal på om lag 2150 m² frå gbnr.155/10 til gbnr 155/51. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 14.08.17, jf. pbl. § 29-4.
2. Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan-



og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

3. Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt til fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Dokument i saka finn de her: [sak 17/3142](#)

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avsalg på søknad om dispensasjon til frådelling og dispensasjon for bygging av garasje - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 155/10 Monstad

Søknad om dispensasjon

Dispensasjons søknad beskriving

Nabovarsel

Stadfesting veirett

Stadfesting vannrett

Stadfesting avløp

Stadfesting på veirett til delar av arealet

Kart

Etterspurd tilleggsdokumentasjon - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Teikningar

Utsnitt gbnr 155_10 orthofoto

Kartutsnitt KPA gbnr 155_10

Avslag på søknad om dispensasjon og løyve til frådelling - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Klage på avslag på søknad - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Kopi til:

Erling og Johanna Maria Rosnes Lurevegen 576 5912 SEIM

Mottakrar:

Erling Rosnes Lurevegen 576 5912 SEIM
Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen